

HELG OG HEIM

Kyrkjelydsblad for

Førde og Naustdal

NR. 1

MARS 2020

78. årgang



FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf. 57 82 81 80
www.fordekyrkje.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no
(Ny!)

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15

Prost: Reidar Knapstad
Prostiprest: Runar Matsui-Li
Sokneprest:
Ingvald Andersen Frøyen
Ungdomsprest: Carsten Langeland
Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad
Diakon/frivilligkoordinator:
Inger Cesilie Fitje
Kyrkjeseekretær:
Kari Skullerud Holsen
og Toril Øye (Førde og Jølster)
Kyrkjeverje: Inger Hageberg Øvrebø
Assisterande kyrkjeverje:
Trond Herløvsund
Kantor:
Gro Gunnarson og Asbjørn Flåm
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjelydspedagog:
Ute Lindner og Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf. 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15. Ta kontakt for
anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland
Kyrkjeseekretær:

Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog:
Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:
Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen
Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus
Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:
Leonard Subrescu

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard
Subrescu (Førde og Naustdal) og
Mette-Elin Standal Sæther

- Kyrkjeverja -

Vi i redaksjonen i Helg og Heim vil at bladet skal spegle kyrkje- og kristenliv i sokna Naustdal, Førde og Holsen og Haukedalen. Vi lager reportasjar, intervju, omtale av arrangement, og vi skriv om lokal kulturhistorie.

Vi treng ditt bidrag for å halde Helg og Heim gåande!

Frivillig bladkontingent på 275kr.

Bankkonto:

3705.15.33896 (nytt frå 2020)

Merk alltid innbetaling med Helg og Heim.

VIPPS:

Vippsnr. 591431

Helg og Heim kyrkjelydsblad

Her kan du
betale med
vipp

591431

Vipps-nummer

Ansvarleg utgjevar av Helg og Heim er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen.

Helg og Heim
REDAKSJONELT

Stoff og bilete kan sendast til:

hanne.schnitler@eninvest.net

jenny.snildal@gmail.com

ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Adresse:

Helg og Heim, Kyrkjevegen 23 F,
6809 Førde

Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og
Hanne Schnitler

Grafisk utforming:

Tasle T. Knapstad

Trykk:

E. Natvik Prenteverk AS, Florø

Helg og Heim, utgjevingsplan for 2020

Nr. 2. 2020 Stofffrist: Onsdag 22.04. I posten veke 22.
Nr. 4. 2020 Stofffrist: Onsdag 28.10. I posten veke 22.

Nr. 3. 2020 Stofffrist: Onsdag 17.06. I posten veke 34.

(Det kan komme endringar.)

Framsdebilete:

«Palmesøndag 2019 i Naustdal kyrkje»
av Hanne Schnitler



Nytt frå redaksjonen

Helg og Heim har eksistert som kyrkjeblad for sokna Førde og Naustdal i snart 80 år. Mykje godt stoff har blitt formidla, mange lesar blada og mange tar vare på dei.

I nye Sunnfjord kommune, har vi og «Kyrkjeblad for Gaular» og «Hyringerøysta» i Jølster. Fleire spør om blada skal slå seg saman, og kanskje blir det naturleg på sikt. Intil vidare vil vi samarbeide meir om felles stoff, og vi tek gjerne imot tips om stoff som kan eigne seg i alle tre blada.

Helg og Heim er eigd av sokneråda i Naustdal, Førde og Holsen og Haukedalen, og dei vel representantar til styret. Ny leiar for styret er Ole Johnny Warvik frå Førde sokneråd. Marit Solheim, Førde, Bodil Frøysland, Holsen og Haukedalen og Arne Kleiva, Naustdal, held fram i styret. Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler utgjer redaksjonen, og her kan vi godt vere fleir! Tasle Torrissen Knapstad har hatt ansvar for utforming av bladet dei siste to åra. Dette blir siste nummeret der han gjer dette arbeidet. Takk for innsatsen, Tasle!

Formgjeving, trykking og distribuering av blada koster mykje, og styret for Helg og Heim jobber med nye løysingar. Vi vil prøve å få til samkjøring av tenester med dei andre blada.

Kyrkjelydane i storkommunen vil og samarbeide om fleire felles tiltak. Bibeltimar og «Stille messe i fastetida», som de kan lese om i bladet, er eksempel på det. Og fellesgudsteneste på palmesøndag i «Sunnfjordkatedralen» i Naustdal har allereide blitt ein tradisjon.

Det nærmar seg påskehøgtida, og då er det mange høve til kyrkjebesøk i ei av dei vakre kyrkjene i Sunnfjord!

Talet er 40



Tekst: Ingvald Andersen Frøyen, sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

Kvart år kjem fastetida, og kvart år kjem spørsmålet: Kva er det egentleg med faste i 40 dagar? Og, forresten det er jo meir enn 40 dagar, - for søndagane er ikkje med. Men kor kjem egentleg dette talet frå 40?

40 – i førti dagar og førti netter let Gud det regne over jorda medan Noa og alle dyra var i arken. Då dei førti dagane var til ende gav Gud sin lovnad til Noah og all skapningen at noko slikt aldri meir skulle henda, og han sette regnbogen på himmelen til teikn på dette løftet. (1.Mosebok 6-8)

40 – i førti dagar var Moses saman med Gud på fjellet då han tok imot dei ti boda. Moses måtte vente og vise tolmot. Han måtte lytte. Han måtte ha tiltru til Gud og bere fram for folket orda frå Gud. (2.Mosebok 24)

40 – i førti år vandra Israelfolket omkring i den store ørkenen før dei fekk koma inn i det lova landet. Ei vandring full av prøvingar. Vandring og venting. År der dei vart avhengige av Gud og vart modne. (5.Mosebok 8)

40 – dagar og netter fasta Jesus etter at han vart døypt. Også for han vart dette ei prøvetid full av slit og freistingar, men også for modning og for å finne styrke til tenesta han skulle inn i. Vandringa gjorde han klar for det vanskelege som venta han i påska. (Matteus 4)

40 – dagar er også talet på vår fastetid. Kva vil vi nytta denne tida til? Den handlar ikkje om slanking men om å kutte ut noko for å få tid og rom til noko anna. Jesus gjekk avsides for seg sjølv for å få tid til å; tenkje, lytte og å be. I fastetida kan vi og ta val som gjer at vi får tid til å gjere det same; vere i stilla, tenkje over livet, søke Gud i bøn og gjere noko for andre.

Å ta seg tid til å vere stille på denne måten er ikkje eit krav eller ein plikt. Det er heller ikkje noko som gir oss særleg forteneste framfor Gud, – men det kan rett og slett vere bra for oss, for liva våre og



trua vår. Vi er ulike som menneske, og trua vår er ikkje eins, men vi treng alle å både kople frå og kople på. Kople frå livet og alle krav og nederlag, og kople på kvilen og nåden Gud vil gje. Gud ventar på oss, men det er opp til oss å kome til han.

40 dagar er ikkje eit magisk tal, – men det seier noko om å tole det å vente og å ta eit steg til sides. Det handlar om å gje rom for andre enn meg sjølv og det handlar om å gje rom for Gud og trua i livet mitt.

Eg vil difor invitere deg med til å gje rom for stille, bøn og ettertanke no i fastetida, og når konfirmantane kjem med bøssene sine i veka før faste; så tenk at dette og er ei påminning om å tene våre medmenneske uansett kor dei er.

Eg ynskjer deg ei lærerik fastetid og ei velsigna påske. Fastetida er ei god førebuing til påsketida som kjem. Velkomen til gudstenester og fellesskap i kyrkja.

Nytt fellesområde i Sunnfjord kommune

Frå nyttår fekk vi eitt fellesråd i Sunnfjord kommune. Nokre av dei tilsette får no nye arbeidsoppgåver. På side 2 står ny kontaktinformasjon til kyrkjekontora.

For å få betre oversikt over kva fellesrådet har ansvar for, og korleis staa er rundtom, så ynskjer det nye Fellesrådet å ha synfaring på kyrkjene og anlegga i kommunen. Det er mykje å fare over, og

det må takast litt etter litt. Første synfaring blir ved Førde kyrkje og gravplass måndag 10.februar. Vidare er det planlagt synfaring i Vevring og Naustdal måndag 6.mars.

Det har tidlegare vore kjøpt teneste hjå kommunen ved opning og lukking av grav i Naustdal. I samband med kommunesamanslåinga skal vi ordne dette med egne

Tekst: Kyrkjeverje Inger Hageberg Øvrebø

fellesrådstilsette. Like før jul vart det kjøpt inn ny gravemaskin til føremålet. Normalt blir det kyrkjegardsarbeidar Terje Sæle som skal gjere denne jobben i Naustdal, i tillegg til at han har denne jobben også i Førde. Kyrkjegardsarbeidarane i Jølster og Gaular vil også kunne bidra, ved behov.

Leonard Subrescu, som elles jobbar som kyrkjjetenar og kyrkjegardsarbeidar i Naustdal, skal jobbe endel som kyrkjjetenar ved gudstenester og andre arrangement i Førde kyrkje.

Sigrun Savland frå Naustdal vekslar no mellom oppgåver i Førde og Naustdal.

- Det er på grensa til egoisme....

Tekst og foto: Reidar Eide

Margit og Per Ingolv Nygård har hatt heim og arbeidsstad i Førde i nøyaktig 50 år, og er no pensjonistar, men slett ikkje gjerandslause.



– Ja, det er heilt på grensa til egoisme å drive med frivillig arbeid, for det er jo så kjekt og gjevande på alle måtar, seier Per Ingolv på 75. Etter ein prat i sofakroken øvst i Vieåsen, er vi ikkje i tvil om at engasjementet deira og gleda over å kunne bidra på ulike arenaer, er ekte. Dei er spesielt opptekne av å få formidla at dugnadsarbeid saman med andre ikkje er, eller treng vere noka belastning i det heile. – Vi to driv slett ikkje meir dugnadsarbeid enn massevis av andre i Førde. Trenarar, instruktørar og leiarar i idrettslag, speidar, Røde kors, kor og alle andre frivillege samanhengar gjer kvar dag ein utruleg innsats for unge og eldre – for å bidra i eit arbeid dei sjølve har blitt glade i.

Ein forskjell i kvardsagen

– Eg trur det ligg i ryggmargen i det norske folket, seier Margit. Vi veit at utan frivillig innsats vil det meste av det meningsfulle sosiale livet forsvinne. Eg veit at det eg er med på i Førde er bitte lite i den store samanhengen, men trur at dette vesle er veldig viktig. Eg ser såpass stort på det at det gjer ein forskjell i kvardagen for den eller dei eg får lov til å vere i lag med. Det har vore ei grunnhaldning hos meg gjennom heile arbeidslivet mitt som sjukepleiar å ta vare på heile mennesket, og kvifor skulle eg så slutte med det når eg vart pensjonist? Eg må berre, det er jo kjempekjekt!

– *De har jo begge vore med i det kristne arbeidet i Førde heile tida. Kan det ikkje fort bli slik at dette vert eit ork, at ein tek på seg for mykje?*

– Sjølv sagt kan det det. Den frivillege innsatsen må balanserast i kvardagen. Ingen er tent med utbrende medarbeidarar som berre ser fram til at andre kan overta. – Vi har for eksempel begge i fleire år vore med som frivillege på julefeiringa på Kyrkjetunet. Utruleg kjekt og gjevande å få vere med på. Unge og eldre, muslimar og kristne saman rundt juletreet og festmiddagen. 120 no sist jul. Det er gjevande å sjå at folk kosar seg, at den einskilde blir sett. Klokkja 22-23 om kvelden kan vi roe ned heime hos oss, – ikkje utkvilde, men glade!

Bruk for absolutt alle typar frivillege

Slik er det med mykje av det frivillege arbeidet i kyrkja. Nokre er flinke til å leie songen, andre trivst godt ved oppvaskkummen, til å vere frivillig sjåfør til gudsteneste om søndagane, til å stable stolar på Kyrkjetunet, eller til å vere saman med eldre på Helsetunet. Det kan vere i ”kristen regi”, eller heilt uorganisert. Det er bruk for absolutt alle i eit eller anna arbeidslag, – men ein må setje grensene sjølv!

Kårkall

Per Ingolv har fram gjennom åra vore spesielt engasjert i Normisjon, med mange år i styret, no meir ”som ein kårkall” som han seier, – fører tilsyn med bedehuset, samordnar utlei-ge og faste arrangement i tillegg til hovudansvar for t.d. tysdagstreffa. – Huset er svært mykje brukt, men vi er ein fast gjeng som deler på ansvaret, så det går greitt.

– På tysdagstreffa kjem her fast fram mot 20 eldre. Vi hentar dei gjerne med bil. Fleire er opp i 90-åra. Vi dreg gjerne på tur med Solvangbussen, et i lag og kosar oss. Når eg er berre 75, kjenner eg meg jo som reine ungdommen, smiler Per Ingolv. Desse samlingane er veldig viktige for dei. Det får vi klare tilbakemeldingar på. På Bruktbutikken i Førde er det mange som har meningsfullt arbeid som frivillig. Eg køyrer fast søppel derifrå til gjenvinningsstasjonane. Det er passeleg arbeid for meg, smiler Per Ingolv.

..at vi har eit smil å gje i kvardagen

Margit brukar mykje av fritida si på det diakonale arbeidet i kyrkjelyden. Ho er t.d. leiar i diakonitualet, ofte på besøk på Helsetunet og har faste ”vakter” onsdagar på Skywalken i samband med ”Kyrkja i byen” – Eg syns det er kjekt å oppleve at både barn, ungdommar og vaksne set seg ned for ein liten prat. Det er viktig at kyrkja er ute også, at vi er lyttande og har eit smil å gje i kvardagen!

Meiningsfullt og sosialt!

– *De driv begge frivillegarbeid innan kyrkje og lagsarbeid. Kort oppsummert, – kvifor?*

– Praktisk arbeid er meningsfullt og sosialt! Meiningsfullt for oss og meningsfullt for dei vi er i lag med. Ein får fokus vekk frå eigne småproblem og over på andre som gjerne har mykje større utfordringar enn deg sjølv. Dette er kyrkja sitt omsorgsarbeid. Eit møtepunkt, eit lite treff, ein kaffikopp saman er nok til å gje eit menneske ein heilt annan kvardag. Dette treng du ikkje utdanning til. Du er der, – på spaseretur med ein som treng det, nynnar ei songstrofe saman med ein som kanskje berre har songen att i minnet sitt. Du ser dei lyser opp, og dei ber innstendig om at ”du må kome igjen snart.” Nokre er gode til å vere sjåførar, – andre til å oppmuntre, – til song, – til å vere venn. Alle har noko å gje! – og så får vi jo mykje meir att, sjølve også!

Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

– Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
– Blei bollane gode?
– Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?
Svar: Dei tar stikkprøver.

Minneord etter Kåre Knutsen Bratten

Tekst: Prost Reidar Knapstad. Foto: Ukjent

Då kyrkjeklokkene ringde inn julehøgtida 2019, døyde Kåre Knutsen Bratten. Han var ein kjær prest og god kollega for mange og er sårt sakna.

Våre tankar går først og fremst til døtrene Ingrid, Hilde og Kristina og deira familie, som har mist begge foreldra på kort tid.

Kåre blei født 28.11.1953 og vaks opp på Sunde i Kvinnherad i Sunnhordland. Etter fullført studium ved Det teologiske Menighetsfakultetet 1980, hadde han eitt års opphald i USA med spesialisering i sjelesorg og samtale. Seinare tok han og tilleggsutdanning i familierapi og i arbeidsvegleiing. Etter teneste som feltprest på Bardufoss flystasjon, kom han til Askvoll i 1983 og var kapellan der i 10 år. Kåre og Elna gifta seg og fekk borna Halvard, Ingrid, Hilde og Kristina. Det var eit stort tap for dei å miste sin kjære Halvard i kreft 3 år gamal.

Kåre og familien flytta til Førde i 1993 og vart buande her sidan. Først var han kapellan i Førde prestegjeld med teneste i Vevring, Naustdal, Førde, Holsen og Haukedalen kyrkje i om lag 10 år, til han blei sokneprest i Førde sokn. Kåre arbeidde godt på lag med kyrkjelege tilsette, sokneråd og frivillige medarbeidarar, og fekk vere med å byggje kyrkjelydar og forkynne til tru og håp gjennom mange gudsteneste og kyrkjelege handlingar. Dei første åra hadde han eit stort ansvar for konfirmantundervisninga i lag med kateket og diakoniarbeidar. Kåre likte å



undervise, men å feire gudsteneste var for han den største gleda, mest som ein fest. Likeins la han stor vekt på samtalen og lytte til menneske i sorg og krise. Kåre og Elna hadde mange samlingar med tema i møte med menneske i sorg og delte av sine såre erfaringar med å miste eit barn. Gjennom si lange og trufaste teneste i kvardag og helg, vart mange kjend med Kåre og verdsette han som deira prest. Det same seier medarbeidarane og kollegane som fekk arbeide saman med Kåre. Han fekk lett tillit og var god å samtale med for mange av oss. Han var lun og hadde humor til å skape gode samlingar.

Som nemnt tidlegare tok Kåre utdanning i arbeidsvegleiing. Frå 1999 til november 2019 leia han årleg ei gruppe av prestar og andre, i samtale og refleksjon om spørsmål og utfordringar som melder seg under vegs. For å drive med vegleiing, må ein sjølv ta i mot vegleiing frå andre som har ansvar for si gruppe. I dette personlege og faglege fellesskapet, fekk han og høve til å dele det som låg nærmast. Kåre vart først behandla for kreft i 2007 og måtte sidan komme til rettes med at det var ein sjukdom han kunne rekne med å døy av. Han tok i mot behandling så lenge kroppen kunne tole påkjenningar som høyrer med, men ikkje minst held han fast ved gleda

i livet og håpet i trua. Han fann lenge styrke til å halde fram i prestenesta, trass i sjukdomen. Sommaren etter at kona døydde i 2018 gjekk han ut av rolla som sokneprest i Førde og blei seniorprest til han vart uføretrygda ved inngangen til 2019. Heilt til det siste var Kåre levande oppteken av å høyre nytt frå arbeidet i den lokale kyrkja, og han såg fram til å samlast til gudsteneste julaftan i Førde kyrkje og til å ta ansvar for si gruppe i arbeidsvegleiing neste år. Slik skulle det dessverre ikkje gå. Vi er mange som er takksame for det Kåre har gitt oss i si presteneste her i Sunnfjord.

Fred over Kåre sitt minne!

“Eg takkar for dei menneske som bringa trua til meg.”

*Helg og Heim har fått løyve til å gjengi den siste preika som Kåre Knutsen Bratten heldt medan han var sokneprest i Førde. Preika heldt han Helgemessesøndag 5. november 2017 i Førde kyrkje. Preiketekst var Matteus 5, 1-12. ”Sæle dei som er fattige i ånda, himmelriket er deira. Sæle dei som sørgjer, dei skal bli trøysta” **Teksten er noko nedkorta.***

Allehelgensdag er blitt ein viktig minnedag for mange i vårt land. Dagen blir gjerne brukt til å besøkja og markera minnet på gravplassen og ved gravene. I eit moderne, hektisk liv er behovet tilstades for å ha dagar og anledningar der me minnast dei som eingong var saman med oss og som no er gått bort. Så vil det alltid vera slik at for nokre har sorga og saknet gradvis mildna ettersom tida har gått, medan for andre som nyleg har mist sine, kan det kjennest sårt og vondt. For mange av dykk vart dette året som bringa sorg og sakn. For nokre kom døden brått og uventa, for andre vart det å følgja den kjære steg for steg mot slutten. Så vart det for mange av dykk å stiga inn i sorga sitt landskap.

Diktarpresten Eivind Skeie har skrivt eit dikt han kallar “Etterklang”. Diktet vart skrivt etter at han miste ein god ven:

Etterklang

*Til sist låste døden dørene
inn til vårt samvær
og skjulte deg i gravens dyp.
Nå er jeg alenei alle rom
der du og jeg var sammen.*

*Men nøkkelen til alle disse
dører,
gir jeg ikke døden.
Den er min.*

*For selv vil jeg gå inn
med egen nøkkel
til de små rom av lykke
og de store minnehaller
hvor livet vårt står skrevet.*

*Der vil jeg se deg
slik du var
og uten dødens grelle lys.*

*Der kan jeg høre dine lette
trinn
og ane etterklngen av din
latter.
...*

I dette diktet gjev forfattaren uttrykk for både dødens avsluttande og endelege realitet, samstundes som han peikar på at det enno er noko som døden ikkje kan ta frå oss:

– Men *nøkkelen til alle disse dører, gir jeg ikke døden.* Den er min. –

Me har høyrte ein av dei mest innhaldsrike og betydningsfulle tekstene frå evangeliet idag. Men kanskje også ein av dei vanskelgaste tekstene å trengja inn i og forstå. Her møter me ord av Jesus som så definitivt går på tvers av vår tenkemåte: Ordet sæl betyr lukkeleg, heldig, velsigna.

– Heldige er dei som sørgjer...

– Lukkelege er dei som blir forfølgde...

Skulle me prøva å få denne teksten meir i pakt med realitetane for det verkelege livet, kunne det kanskje bli noko sånn som dette:

*Sæle er dei rike, sjølvsikre og
vellukka
Sæle dei glade, lukkelege, friske
og livsnyttande*

*Sæle dei utolmodige, pågåande,
effektive og raske
Sæle dei tilfredse og harmoniske
Sæle dei målretta, bevisste og
beslutningsdyktige
Sæle dei sterke, påhaldne og
prinsippfaste
Sæle dei nøytrale, tolerante og
frisinna.*

Me kan kjenna at desse orda på mange måtar er meir appellerande og ambisiøse. Og eg veit at eg lever i eit samfunn og i ei tid som held fram desse orda som nødvendige og viktige ideal. Kven av oss ønskjer ikkje å vera sjølvsikre, glade, friske, pågåande, effektive, harmoniske, målretta, sterke og frisinna? Samstundes kjenner eg at desse orda gjer meg sliten og trist. Dei set meg ikkje fri, dei gjev meg ingen kvile.

– *Sæle dei som er fattige i ånda, himmelriket er deira*
Sæle dei som sørgjer, dei skal bli trøysta
Sæle dei audmjuke, dei skal arva jorda
Sæle dei miskunnsame, dei skal få miskunn –
...

Desse orda gjer og noko med meg. Eg evnar ikkje å forstå dei fullt ut. Eg kan berre ana betydninga og rekkevidden. Men eg kjenner dei gjev meg ei kvile og fred. Dei gjev meg rom for det som er mitt. Dei opnar ein famn for meg. Dei inviterer meg inn i eit anna liv. Dei viser meg ein annan veg. Dei let meg kjenna angen av eit

anna rike. Eg kjenner at dei talar sant om menneskelivet – samstundes gjev dei håp til dei av oss som treng det mest. Desse orda frå Bibelen er først og fremst for dei som treng håp om ei betre framtid. I Jesus ord og lære er ikkje himmelen eit draumeslott som gir jordlivet trivielt og uviktig. Himmelen motiverer til handling. Jesus opnar horisonten mot eit større mål. Guds rike er på veg.

Eg takkar for at eg har fått del i dette budskapet om eit anna rike, ein annan veg, eit anna liv. Eg takkar for at desse orda har nådd mitt øyra og skapt tru og håp i meg. Eg takkar for dei menneske som bringa trua til meg. Eg veit at eg alltid vil måtta streva med å finna dette livet, eg vil måtta streva med å gå denne vegen, og mange gonger vil eg mislukkast i å følgja Jesus etter. Eg veit at eg stadig vil vera freista til å tru at det er når eg er sjølvsikker, glad, pågåande, harmonisk, sterk og målretta at eg er på høgde med livet.

Bøn

“Allmechtige evige Gud vi takkar deg for alle dei som har kjempa den gode striden og halde fast på trua. Vi ber deg: Gje oss din Ande og kraft så vi kan leva og døy i deg og følgja etter dei som har gått føre oss, ved Jesus Kristus, som med deg og Den heilage Ande lever og råder, ein sann Gud, frå æva til æva.” Amen.

Skatten i Vevring

Teksten er henta frå fleire kjelder, bearbeida av Hanne Schnitler. Foto Arne Kleiva

Vevring kyrkje har ei eineståande altertavle, både når det gjeld utskjeringar, måling og symbolriksdom. Altertavla har form som eit altarskåp og er truleg frå kring 1510.



Altarskåpet frå 1510 i Vevring kyrkje har dører som kan låsast att.

Vevring kyrkje, som er ei langkyrkje i tre med 225 sitjeplassar, vart vigsla den 16. september 1846. Kyrkja var bygd etter teikningar av arkitekt Hans Ditlev Franz Linstow, same mann som teikna slottet i Oslo, (1787-1851). Kyrkja er sannsynlegvis den tredje kyrkja på same staden. Kyrkja har ei eineståande altertavle, ei kunstsatt ein ikkje finn maken til på Vestlandet.

Altertavla er ei av dei mest særmerkte altertavlene og den einaste Maria-tavla frå før-reformatorisk tid som er bevart i ei kyrkje i Sogn og Fjordane. Tavla er truleg laga i Lübeck i Nord-Tyskland omlag år 1510. Tavla er eit altarskåp med to dører, med tre figurar i midtpartiet, og helgenbilete på begge sider av dørene. Tavla er pryda med eit krusifiks som er sett til seinare. Dette er ei Maria-tavle, med Maria, St. Kristoffer og St. Anna som alle ber Jesusbarnet, og motiva har eit klart før-reformatorisk preg. Det finst ikkje mange slike altertavler att i landet. Korleis altarskåpet hamna i Vevring veit ein lite om, men truleg har det kome frå Tyskland

til Bergen med ein av dei mange hanskoggane som frakta varer til og frå.

Kva er motiva?

Hovudfeltet viser *Maria med Jesusbarnet*, deretter *St. Kristoffer med Jesusbarnet*, og til sist *Anna med Maria og Jesusbarnet*. Maria er framstilt som himmeldronning, med krone, raud kjole og blå kappe. Innskrifta i glorien er AWE. MARIA. GRA-, ei forkorta latinsk utgåve av Luk. 1,28: "Ver helsa, du som har fått nåde!" St. Kristoffer, eller Kristoforos, ber Jesusbarnet på skuldrane, i samsvar med legenda om at han bar Jesus over ei strid elv. Innskrifta i glorien hans er S. CHRISTAFER-IHESWS.MA. Truleg er dei to siste bokstavane tilvising til Maria, Jesu mor. Den tredje skulpturen har innskrifta SACTA. ANNA. SVLF dR-MARIA. IHS, som tyder *Den heilage Anna sjølv tredje - Maria - Jesus*. Dette var den vanlege nemninga som Anna, mor til Maria, hadde i mellomalderen, og på tavla held ho både Maria og Jesusbarnet.

Desse tre figurane i midtpartiet er av nyare dato. Dei gamle var fjerna før 1830, og krusifikset vart plassert midt i tavla. I 1950 fekk kunstnaren Maja Refsum i samarbeid med målarer Finn Kraft, oppdrag å lage nye figurar til altertavla, utforma etter tradisjon frå middelalderen.

Innsida av dørene er delte i to felt. Øvst t.v. *St. Katharina av Alexandria*, martyr i 305, saman med *Heilag-Olav*, avbilda med krone, rikseple og øks. Olav trakk på ein drake med mannshovud, likt hans eige. Dette blir tolka som avvisinga av fortida hans som heidning. Nedst t.v. står *St. Laurentius*, martyr i år 258, avbilda med ei rist, i samsvar med avrettingsmåten; han vart brend på ei rist. Saman med han står *St. Barbara*, martyr tidleg på 300-talet. Døra til høgre viser øvst ein uidentifisert biskop med bispestav saman med *St. Margareta av Kortona*. Nedst står den svenske *St. Birgitta* (1303-1373), kanonisert til helgen i 1391, saman med ein ukjend helgen, mogleg *abbed Marinus*.

Når dørene er latne att, viser tavla to personar. På venstre side er *St. Georg* som døydd som martyr i år 303. Han er vist med sverdet og draken, symbol for den vonde, som han vinn over. Til høgre finn vi *St. Mauritius*, som døydde omkring år 287. Han vart rekna som skytshelgen for soldatar, vevarar, fargarar og kjøpmenn. Han er mørk i huda, og den mørke hudfarga ser vi og på dei tre personane som er avbilda på skjoldet hans. Kven var denne mannen?

Kven var St. Mauritius?

Legenden fortel at den heilage *Mauritius* skal ha vært maurar frå Nord-Afrika, noko namnet viser til. Han var leiar for Den tebanske legion som var rekruttert i Øvre Egypt (Theben), og samansett berre av kristne. Dette var under den romerske keisar Diokletian si regjeringsstid (284-305). Han var kjent for sin brutale forfølging av kristne. Hans medregent Maximian Herculeus, som regjerte i den vestlege delen av Romarriket, sende



Hovudfeltet viser Maria, St. Kristoffer og Anna, mor til Maria, som alle ber Jesusbarnet.



Bak eine døra på alterskåpet finn vi biletet av St. Mauritius frå Øvre Egypt.

i år 287 ein hær over Alpane som hadde i oppdrag å slå ned eit opprør i Gallia. Mauritius sin legion var med i denne hæren. Ved Octodurum ved elva Rhône fekk heile hæren ordre om å ofre til gudane på romersk vis for å sikre militær suksess. Den kristne legionen nekta, og i protest trakk dei seg tilbake til Agaunum (no Saint-Maurice-en-Valais i kantonen Wallis i Sveits), og slo leir der. Ein variant av legenden seier at legionen og fekk i oppdrag å utrydde alle kristne i området, men at Mauritius svara: «Vi er soldatar, ikkje mordarar». og nekta å delta i nedslaktinga av medkristne. Som straff og avskrekking blei legionen desimert, det tyder at kvar tiande mann blei henretta. Det hadde inga verknad; Mauritius mana sine menn til å stå fast ved trua. Då dei fortsatt nekta å ofre til gudane, blei på nytt kvar tiande mann henretta. Dei øvrige sto framleis like fast og sa: «Vi har sett våre kameratar bli drepne, men

vi sørgjer ikkje; vi gleder oss over den æra som er vist dei.» Då blei heile legionen, meir enn 6000 mann, slakta ned av hæren til keisaren. Blodbadet gekk inn i historia som sigeren for det kristne samvitet.

Rundt år 380 blei det reist ei lita kyrkje i Wallis (Valais på fransk). Kyrkja blei raskt ein valfartstad, og historia om Mauritius og dei tapre soldatane spreidte seg. På 500-talet blei det bygd eit augustinerkloster her. Klosteret er framleis i drift, og klosterområdet omfattar eit arkeologisk felt med restar frå den første kristne tida. Klosteret tek imot besøkande og pilgrimar.

Mauritius vart symbolet på mot og rettferd. Han vart skytshelgen for soldatar, spesielt infanteristar. Den pavelege Sveitsargarden, som rekrutterer soldatar til Vatikanet frå Wallis, har St. Mauritius som sin skytshelgen. I 2004

valde norske infanteristar i Skjold garnison å adoptere denne tradisjonen for å ha eit ideal om tapre soldatar som følgjer ordre innafor samvitet sine grenser.

Kva har Vevring og St. Moritz til felles?

Over 70 byar og landsbyar har namnet etter St. Mauritius, deriblandt den kjente vintersportstaden St. Moritz. I mange av desse byane blir minnedagen hans feira 22. september. Og i den vesle, vakre trekyrkja i Vevring finn vi ei påminning om denne historia, og eit døme på at Vevringbygda fekk impulsar frå den store verda før i tida og.

Kjelder: Fylkesarkivet.

Kulturminnesøk.no. Wikipedia.

Katolsk.no

Aaraas, Margrethe Henden m.fl.: *På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane - 1*. Selja Forlag. Førde 2000.

Her kan du annonsere
i Helg og Heim!

Kontakt 47170011
arne.kleiva@gmail.com

**Astrid
Blomster**

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

Reiakuva

-Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no
fotografreiakvam.blogspot.no

Hus og kjøkken

- din leverandør i Sogn og Fjordane

Gravdalgruppa

Tlf. 57 72 17 00 - www.gravdal.no

Ope hus – nytt trusopplæringstiltak i Førde

Ein fredagskveld i månaden er det Ope hus på Førde kyrkjetun for barn mellom 10-13 år.

Dette er eit nytt trusopplæringstiltak i sokna Førde og Holsen og Haukedalen, og alle medlemmar i kyrkja fekk skriftleg invitasjon i posten til første samlinga, som var i november. Då kom

det 30 barn. Deciding stod for kiosk, og vi hadde leikar og popcorn. Ingvald Vagstad var også med oss og fortalte utdrag frå «Vandring gjennom Bibelen», eit opplegg der ein blir kjent med dei sentrale delane av Bibelen gjennom dramatisering.

Seinare har vi hatt Ope hus i januar, og då kom det 20

stykker. Denne gongen hadde barna sjølve ansvaret for programmet. Dei var godt førebudde og viste stort engasjement og glede med oppgåva.

Målet vårt er at dette skal bli eit kontinueleg tiltak for denne aldersgruppa, og ha samlingar ein gong i månaden. Ope hus skal vere eit

Tekst: Gry Sætre
lavterskel tilbod for alle barn mellom 10-13 år uansett om ein er medlem eller ikkje, og det ser vi også skjer. Mange som kjem høyrer til andre kyrkjesamfunn, men barna finn saman, vert kjende og skapar trygge band.

Dato for neste samling er 20. mars kl. 18.00 på Førde kyrkjetun.

AKTUELT I KYRKJELYDANE:

20. mars kl. 18.00

Ope hus på Førde kyrkjetun for born/ungdom 10 – 13 år.

(Sjå meir info annan stad i bladet)

**5. april kl. 11
Palmesøndag**

Palmesøndag blir det gudsteneste for små og store i Naustdal Kyrkje, og dette blir felles gudsteneste for fleire sokn, slik det har vore tradisjon for dei siste åra.

Kyrkjekaffi og påskeverkstad på kyrkjelydshuset i Naustdal i etterkant av gudstenesta.

Laurdag 9. mai

Godleiksdag i Førde arr. Normisjon

Søndag 24. mai

Blåtur – «Søndag for alle» og Solvang søndagsskule inviterer store og små med på tur!

Følg med på heimeside, Facebook og «Det skjer» for meir informasjon om tid og stad m.m.

Konfirmasjonsdatoar i Naustdal 2021:

Vevring kyrkje 2. mai kl. 11.00.

Naustdal kyrkje 9. mai kl. 10.00 og 12.00

KONSERTAR I FØRDE KYRKJE

Torsdag 26. mars kl. 19.00

Kor og korps konsert

For fjerde år på rad, inviterer kantor Gro til «Kor og korpskonsert» i Førde kyrkje. Som tidlegare år, blir dette ein konsert som inneheld både det varierte, vare og storslåtte musikalske uttrykk. Konserten kan absolutt anbefalast!

Medverkande: Førde skulemusikkorps- Førde Musikklag – Førde kyrkje- kor – Aspirant- og Jentekoret.

Velkommen! Fri entrè/kollekt/vipps

Torsdag 23. april kl. 20.00

Vårkonsert

Tradisjonen tru, blir det stemningsfull Vårkonsert i

Førde kyrkje også denne våren.

Fleire lokale kor og instrumentalistar medverkar, og det blir òg høve til å synge med på nokre av dei flotte vårsalmane våre.

Velkommen på konsert! Fri entrè/kollekt/vipps

Tirsdag 26. mai kl. 19.00

Korskulen sin Vårkonsert

Aspirant – og Jentekoret inviterer til Vårkonsert i Førde kyrkje. Det blir vakker korsong og solistinnslag, og også litt allsong. Kjekt om du tar turen, og høyrer på dei flinke jentene i Korskulen i Førde kyrkje.

Velkommen!

arki

ARKI arkitektar AS

Angedalsvegen 4
6800 Førde

Nettside: arki.no



Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Måndag 11-17
Tys., ons., fre., laurdag . . . 11-15
Torsdag 11-18

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Best
NAUSTDAL

Ei velfortent helsing!

Torsdag 6. februar var det fest for omlag 50 dugnadsfolk på Førde kyrkjetun. Solveig Haugsvær overrakte ei velfortent blomehelsing til Harald Sandvik på vegne av styret for kyrkjetunet.

Harald Sandvik har vore styreleiar i 2 x 5 periodar, og primus motor for bygget heilt sida før kyrkjelydshuset vart planlagt bygd for meir enn 20 år sida. I tillegg til å vere styreleiar, har han stilt opp med tallause dugnadstimar. Til sommaren går han ut av styret, men engasje-

Foto: Solveig Haugsvær
mentet for huset heldt nok fram.



X EXTRA
NAUSTDAL

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380

Håjen tilbyr levering av mat til selskap, samt selskapslokale med servering, på Slettehaug i Naustdal.

Sjå vår heimeside:
www.haajen.no

Tlf. 57 81 82 60



Følg oss på Facebook:
Håjen Kafé



Bilfører 65+



Statens vegvesen

Velkomen til
oppfriskingskurs for eldre bilførarar

Kor mykje betyr bilen for deg, når du skal dit du vil – når du vil?
Kanskje betyr bilen meir for deg no enn før!

Alltid tilgjengelege kurs i Sunnfjord.

Påmelding www.vegvesen.no/65pluss
eller tlf. 815 35 080 dersom du ikkje har e-postadresse.



Førde kyrkjetun har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller fordekyrkjetun@gmail.com




Olefine
Conditori

Alltid ferske kaker,
brød, bollar
m.m.

Tlf. 57 72 41 40
6800 Førde

RIKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
TRYKK



Velkomen til oss!

Elvevegen 1 (ved Kunstmuseet), Førde

Måndag 11.00–17.00
Tysdag, onsdag, fredag, laurdag 11.00–15.00
Torsdag 11.00–18.00

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON

Carsten Langeland - ny ungdomsprest i Førde

Tekst: Reidar Knapstad, prost i Sunnfjord. Foto: Ingvar Vagstad

Carsten Langeland blei født 21. september 1969 i byen Middelfart på Fyn i Danmark. Han har erfaring som prest i Danmark og ved forsvarer i Afghanistan, før han kom til Norge i 2008. Her har han vore sokneprest i Høyanger og i Årdal og dei siste åra ungdomsprest i Lærdal og Aurland.

Sommaren 2019 flytta Carsten og kona Helene til

eige hus på Kjosnes i Jølster. På same tid blei han vikarprest i Jølster i 50% stilling med særskilt ansvar for konfirmantarbeidet. Som ungdomsprest vil han ha kontor på Førde kyrkjekontor. Han vil arbeide med konfirmantar, leiartrening og utvikle programarbeid og nettverk for og saman med ungdom i lag med andre medarbeidar i kyrkja og i samarbeid med Norges KFUK-KFUM.

Fram til sommaren 2021 skal ungdomspresten også ha ansvaret for konfirmantarbeidet i Jølster. Det er lett å merke at Carsten likar seg godt her i Sunnfjord og at han har den begeistringa som skal til for å få kontakt med, og samarbeide med ungdommar. Vi ønskjer den nye ungdomspresten velkommen!



Carsten Langeland vart innsett som ungdomsprest i Førde 2. februar 2020.

Normisjon arrangerar «Godleiksdag 2020» i Førde

Tekst: Elida Ø. Bruland

Godleiksdagen 2020 blir arrangert laurdag 9. mai frå kl. 10.00 – 16.00, der dei som vil kan vere med å syne godleik for menneske i byen vår.

På Godleiksdagen går vi ut og hjelp menneske som treng det. Vil du bidra med å bake kaker og/eller vere på gratiskafé på bedehuset? Kan

du tenke deg å hente/bringe eldre frå Helsetunet til kafeen og halde dei med selskap? Eller kva med å hjelpe eldre med hagearbeid? Vi treng og sjåførar og hjelp til bilvask. Er du typen til å sette deg ned og snakke med einsame i sentrum? Kva med å dele ut gratis vaflar i sentrum eller på Kronborg? Og vi treng

flere ti-tals liter med vaffelrøre...

Vil DU vere med å syne godleik til andre?
Kontakt Margit Nygård
tlf. 95729653,
eller send epost til
elida.ost@gmail.com.

Fredag 8. mai blir det KICK-OF på bedehuset i Førde for

medhjelparar. Der blir det informasjon, noko å bite i, god stemning og konkurransar.

Helsing
Godleikskomiteen Elida
Ø. Bruland,
Geir Holsen,
Margit O. Nygård og
Liv Å. Bruland

Gravminne finner du hos oss




FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde tlf. 57721060

HELLENES

AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



Gjevarteneste – Naustdal

Naustdal sokn har i rundt 40 år hatt ei gjevarteneste til arbeid for barn og unge i soknet.

På slutten av 80-talet var denne gjevartenesta med å gjere det mogeleg å kunne ha ein eitt-åring i Naustdal. (Ungdom som gav eit år av si tid til arbeid i kyrkja mot litt lommepengar og dekkja utgifter.)

Denne gjevartenesta har vore meir eller mindre aktiv seinare. For 15-20 år sidan vart den reaktivert med tanke på eit meir aktivt barne- og ungdomsarbeid. Etter kvart har inntektene minka, ofte ved at gjevartar har gått bort. Dei siste 10 åra har ein fått støtte frå kyr-

kja sentralt gjennom bispedømmet til barne- og ungdomsarbeid. Soknerådet ser likevel at det er trong for meir midlar på dette feltet, særleg til å kunne engasjere ungdom som medarbeidarar i barne- og ungdomsarbeidet.

Gjevartenesta er no på eit lågt nivå, dei siste åra er det kome inn ca. 10 000,- kroner i året til dette arbeidet. Soknerådet har ved fleire høve drøfta korleis ein skulle auke inntektene og slik aktivt støtte arbeidet som frivillige og tilsette gjer i trusopplæringa. Det er rett å peike på at omsynet til andre som mottok gåver, særleg Kyrkjelydshuset, har gjort at ein ikkje har gått aktivt ut

dei seinare åra. Den økonomiske situasjonen for Kyrkjelydshuset er no slik at soknerådet med frimod oppmodar folk i Naustdal og Vevring til å yte ein sum til det viktige arbeidet som trusopplæringa er i kyrkjelyden vår. Vi kjenner og på at det lokale arbeidet etter kvart får mange kyrkjeoffer på bekostning av misjon og diakonalt arbeid for menneske utafor vårt sokn. Soknerådet ønskjer heller å prøve å auke gjevartenesta til arbeid for barn og unge i soknet, enn å auke talet på kyrkjeoffer til eige arbeid.

Soknerådet vil difor oppmunde folk i Naustdal om å delta i denne gjevartenesta. Ein kan binde seg til å gje ein



sum fast pr. måned, i halvåret, i året, eller berre gje ein sum når det høver til

bankkonto 3705 40 68338 og merke den med «Gjevarteneste». Dersom ein ønskjer rettleiing og informasjon om gjevartenesta, kan ein vende seg til kyrkjekontoret i Naustdal på tlf. 99 27 99 55.

Naustdal sokneråd
Jetvard Kalland (leiar)

Bibeltimar og stille messe i fastetida 2020

Tekst: Ingvald Andersen Frøyen, sokneprest i Førde

Om du har eit ynskje om å få noko meir ut av fastetida, og trong til fornying og påfyll for trua, trur vi at desse samlingane kan møte deg på det.

Bibeltimar og stille messe blir ein stad for kvile, men også ein stad for å få noko å tygge på for mi vaksne tru.

Vi er no ein ny storkommune, Sunnfjord, og difor har vi valt å lage eit felles program for Faste- og påsketida. Når vi no er fleire kyrkjelydar kan vi stå saman om fleire tiltak og dra nytte og glede av å besøkje kvarandre. Det nye er at vi gir alle eit tilbod om ei Bibeltime og Stille messe kvar veke i fastetida. Sokneprestane i Jølster, Gaular, Naustdal og Førde vert Bibeltimehaldarar ein kveld kvar. Samlingane startar kl.19.00 med Bibelundervisning, det vert så ei kort matøkt følgt av ein kort kveldsmesse kl.20.00 med tid for stille og refleksjon til ca. 20.30. Ein vel sjølv om ein vil ha med seg både bibeltime og stille messe, eller berre ein av delane. Vi trur at dei heng godt saman.

Fastetida vert innleia oskeonsdag, og første samlig er gjennomført når bladet får i trykken. Dei neste fire vekene kjem samlingane slik, og alle tek altså til 19.00:

Torsdag 5.mars i Naustdal kyrkje

«Vegen heim – Jakobs vandring» - historia om Jakob, Isaks son. v/ Silje Sørebo

Onsdag 11.mars i Sande kyrkje

«Elsk fiendane dykkar» - frå bergpreika. v/Ingvald Andersen Frøyen

Torsdag 19.mars i Førde kyrkje

«Sæleprisingane» - frå bergpreika. v/Frode Skeide

Tysdag 24.mars på Vassenden kyrkjesenter

«Bøn, - kraft eller krav?» - frå bergpreika. v/Rigmor Frøyen

Vi ser fram til å kunne nytte fastetida i år på denne måten og håpar vi kan styrke banda mellom oss og finne glede og oppmuntring i å stå saman.



ALTI Førde | 57820722 | www.bellisblomst.no

Gode tilbod på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet***

www.bruffis.no tlf. 90 61 96 54

Her kan du annonsere i Helg og Heim!

Kontakt 47170011
arne.kleiva@gmail.com

Gudstenester mars - juni

SØNDAG	15.03.
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00 Gudsteneste med dåp og nattverd. Samling for barna i tårnstova.
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 18:00 Konfirmantsøndag. Konfirmantane deltek.
TORS DAG	19.03.
<i>Førde kyrkje</i>	19:00 Stille messe i faste. Bibeltime, mat og messe. Samarbeid med Jølster, Naustdal og Gaular
SØNDAG	22.03. MARIA BODSKAPSDAG
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00 Gudsteneste med dåp. Tårnagenthelg.
<i>Holsen kyrkje</i>	kl. 11:00 Gudsteneste med nattverd. Lys vaken
<i>Vevring kyrkje</i>	kl. 11:00 Leirgudsteneste med dåp og nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blandt blinde.
SØNDAG	29.03.
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00 Gudsteneste med dåp og nattverd.
PALMESØNDAG	05.04.
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 11:00 Fellesgudsteneste i Naustdal. Takkoffer til Stefanusalliansen. Kyrkjekaffi og påskeverkstad etter gudstenesta.
SKJÆRTORS DAG	09.04.
<i>Haukedalen kyrkje</i>	kl. 11:00 Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 19:00 Gudsteneste med nattverd.
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 18:00 Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til kyrkjedydsarbeidet. Kveldsmat etter gudstenesta
LANGFREDAG	10.04.
<i>Holsen kyrkje</i>	kl. 11:00 Pasjonsgudsteneste
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 19:00 Pasjonsgudsteneste
<i>Vevring kyrkje</i>	kl. 11:00 Pasjonsgudsteneste
SØNDAG	12.04. PÅSKEDAG
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd
<i>Haukedalen kyrkje</i>	kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med nattverd Takkoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt i Estland.
<i>Holsen kyrkje</i>	kl. 19:00 Høgtidsgudsteneste med nattverd Takkoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt i Estland.
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap

<i>Vevring kyrkje</i>	kl. 15:00	Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap
SØNDAG	19.04.	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00	Gudsteneste med dåp og nattverd. Kyrkjekaffi ved KFUK/ KFUM
SØNDAG	26.04.	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00	Gudsteneste Dagfinn Høybråten frå Kirkens Nødhjelp deltek.
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 11:00	Gudsteneste med dåp og nattverd. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap
SØNDAG	03.05.	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 10:00	Konfirmasjonsgudsteneste
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 12:00	Konfirmasjonsgudsteneste
<i>Vevring kyrkje</i>	kl. 11:00	Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
LAURDAG	09.05.	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 10:00	Konfirmasjonsgudsteneste
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 12:00	Konfirmasjonsgudsteneste
SØNDAG	10.05.	
<i>Førde kyrkje</i>	11:00	Gudsteneste med dåp og nattverd.
<i>Holsen kyrkje</i>	11:00	Gudsteneste Takkoffer til KFUK/KFUM Sogn og Fjordane krins Konfirmasjon
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 10:00	Konfirmasjonsgudsteneste kl. 9A Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 12:00	Konfirmasjonsgudsteneste kl. 9B Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
SØNDAG	17.05.	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 09:45	Festgudsteneste
<i>Haukedalen kyrkje</i>	kl. 11:00	Festgudsteneste Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
<i>Holsen kyrkje</i>	kl. 12:15	Festgudsteneste Takkoffer til Redd Barna
<i>Førde kyrkje</i>		Kyrkjegospel. Tidspunkt: Sjø «Det skjer» i Firda, eller nettsida til Førde kyrkje.
<i>Naustdal kyrkje</i>	kl. 10:30	Festgudsteneste. Speidarane deltek. Takkoffer til Barnevakten.
<i>Vevring kyrkje</i>	kl. 12:30	Festgudsteneste Takkoffer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt.
TORS DAG	21.05. KRISTI HIMMELFARTSDAG	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 10:00	Konfirmasjonsgudsteneste
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 12:00	Konfirmasjonsgudsteneste
SØNDAG	24.05.	
<i>Førde kyrkje</i>	kl. 11:00	Konfirmasjonsgudsteneste

TORSDAG 28.05.
Førde kyrkje kl. 19:00 Kvardagsmesse

SØNDAG 31.05. PINSEDAG
Haukedalen kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med nattverd Takkoffer til Normisjon Sogn og Fjordane
Førde kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd
Holsen kyrkje kl. 19:00 Høgtidsgudsteneste med nattverd Takkoffer til Normisjon Sogn og Fjordane

Naustdal kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd Takkoffer til Normisjon

MÅNDAG 01.06. 2. PINSEDAG
Vevring kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste med dåp og nattverd Takkoffer til Normisjon (Tidspunktet kan bli endra.)

SØNDAG 07.06.
Naustdal kyrkje kl. 11:00 Friluftsgudsteneste ved Antonshågen. Takkoffer til Strømmestiftelsen.

Døyppte, vigde og gravlagde

DØYPTE I FØRDE KYRKJE

- 03.11** Anders Bruland
Lotte Olset Osland
Isak Lunde Njosen
- 10.11** Ylva Mowatt Fureli
Hedda Bolset Eide
- 17.11** Vilde Holsen Helgås
Madelen Kvellestad Ekreskar
Olivia Borlaug Kalstad
Oliver Øen Aasen
Mathias Foss Flaten
- 01.12** Mia Støfring Roska
Nora Grimeland Stølen
Emma Elise Johansen
Magnus Nytrøen Vold
- 29.12** Selma Dahl Skårhaug
Isac Dahl Skårhaug
Ovidia Holsen-Hegrenes
Liam Reed Husetuft
- 05.01** Paula Levy Solvik
- 12.01** Henrik Caviezel Dvergsdal
Astrid Tønning Askevold
Linéa Slåtten
- 19.01** Amida Andromeda Rundereim Hjønnenvåg
Edina Loneland
Hermine Hoti Fjørstad
- 02.02** Maia Kornelia Klopstad Botnen
Julie Øvsthus
Lucas Øvsthus Boysen
Nikolai Ringstad Støylen
Adelen Kvellestad Bywater

DØYPTE I HAUKEDALEN KYRKJE

- 12.01** Emma Sofie Hetland Gjerland

DØYPTE I NAUSTDAL KYRKJE:

- 03.11** Sundre Huus
Marius Horne Standal
- 17.11** Eivind Garfors Instebo
Odin Vatne Kringlen
- 15.12** Isabella Sunniva Matos Storegjerde

DØYPTE I VEVRING KYRKJE:

- 26.12** Alfred Westergren
- 12.01** Isak Helgheim Thingnes

VIGDE I FØRDE KYRKJE

- 28.12** Scarlett Elin Skjerdal og Roger Pettersen
- 31.12** Ingebjørg Fauske og Jon Arild Årdal

GRAVLAGDE I FØRDE KYRKJE

- 01.11.2019** Jan Trygve Dvergsdal f. 1941
- 03.12.2019** Ola Solheim f. 1926
- 11.12.2019** Aslaug Olava Instebo f. 1922
- 12.12.2019** Magnhild Stensrud f. 1919
- 02.01.2020** Reidar Bruket f. 1936
- 03.01.2020** Gerd Strømnnæss f. 1936
- 03.01.2020** Kåre Knutsen Bratten f. 1953
- 07.01.2020** Astrid Nistad f. 1923
- 17.01.2020** Arne Christian Wallevik f. 1938
- 17.01.2020** Kåre Arthur Solsvik f. 1931
- 21.01.2020** Grethe Berge f. 1943
- 24.01.2020** Svein Sunde f. 1950
- 28.01.2020** Jofrid Bergum f. 1923

GRAVLAGDE I NAUSTDAL KYRKJE

- 05.12.2019** Bjørn Gisle Helgås f. 1966
- 27.12.2019** Liv Bjørkelund f. 1938
- 14.01.2020** Aashild Hage f. 1930
- 21.01.2020** Edith Hansen f. 1927


FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRBUKJEDE
Førde Fargehandel %
Tlf. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

Gode tilbud på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet
www.bruffis.no tlf. 90 61 96 54

Her kan du annonsere i Helg og Heim!

Kontakt 47170011
arne.kleiva@gmail.com



Returadresse:
Førde Kyrkjekontor
Kyrkjeveggen 23F
6809 FØRDE

Vatnet fekk Bate tilbake på skulebenken

Av Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland, Kirkens Nødhjelp

Då folk vart sjuke av skittent vatn, viste 14 år gamle Bate kva han skulle bruke livet sitt til.

14-åringen kjem slentrande mot oss omgitt av kompisar. Han ler og tullar, for gutegjengen har nettopp redda alle dyra ut av naboen sin grønsaksåker. For over eitt år sidan sat ikkje latteren like laust.

Farleg vatn

Vi er på veg til 14 år gamle Bate Gemedo. For å kome til landsbyen hans, må vi køyre på dårlege vegar, som det viltre regnet har herja med. Brua over til landsbyen er øydelagd av den strie elva, og berre nokre spinkle trepinar får folk trygt over.

Bate bur i Beseko i Etiopia. Her bur det 8000 menneske. Men det kunne vore færre.

For nokre år sidan byrja nemleg folk å flykte. Dei vart rett og slett sjuke av vatnet. Den einaste vasskjelda dei hadde, gjorde dei dårlegare. Dei delte kjelda med dyr og insekt, avføring og skitt. Blodig diaré og alvorlege sjukdomar gjorde at de ikkje tora å bu der lenger.

Men så fekk dei reint vatn av Kirkens Nødhjelp i september 2018.

Legedraumen

Ein av dei som diggar at dei har reint vatn i landsbyen, er Bate. Han er nemleg ein utruleg travel gut. I tillegg til å ha mange plikter heime, elsker han fotball. Og han elsker å sveitte. Då er det godt med reint vatn.

- Eg trenar mykje, det likar eg. Både for å halde meg i form, men også fordi det er gøy. Spesielt likar eg å spele fotball når det er mykje stress heime



og mykje å gjere. Då treng eg å kome meg bort litt, og då hjelp det å sveitte.

Etter at dei fekk reint vatn, vart helsa til folk betre også, understrekar han.

- Det er utruleg viktig med reint vatn, for det held oss friske, smilar han.

Å få vatn til landsbyen har ikkje berre vore enkelt. For at Bate og landsbyen hans skulle få vatn, måtte Kirkens Nødhjelp bore ein 120 meter djup brønn. 16 kilometer med rør måtte gravast ned og strekkast til landsbyen. No har dei 14 vass-stasjonar og 68 hus har fått innlagt vatn på garden. Befolkninga har i tillegg lært masse om hygiene og korleis dei skal oppbevare og bruke det reine vatnet.

- Det har vore ei stor forandring her etter at vi fekk vatn, fortel Bate.

Då alle vart sjuke rundt han, bestemte Bate seg for å ta grep. Etter å ha droppa ut av skulen i to år for å hjelpe familien sin, har han sett seg på skulebenken igjen. Han drøymmer om å bli lege, slik at han kan hjelpe sjuke folk. Akkurat

som dei fekk hjelp då vatnet øydela helsa.

- Som lege kan eg vere til hjelp for familien min og eg kan hjelpe folk i landsbyen min. Eg kan kurere folk frå sjukdomar og eg kan redde liv. Eg vil gjerne forandre livet mitt og lære mest mogleg.

Avhengig av hjelp for å hjelpe

For at Bate og andre skal få reint vatn trengst det hjelp frå mange norske frivillige. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen.

Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Etiopia. For Bate og tuse- nar av andre menneskjer har dette vore livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over heile Noreg vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda. Du kan òg bidra når konfirmantane i Førde skal gjennomføre årets aksjon, anten ved å vere bøsseberar eller å støtte aksjonen.